

**Fra:** Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

**Sendt:** 22.03.2022 08:16:17

**Til:** ove@fanagro.no

**Emne:** Uttale frå statsforvaltar

---

Hei

Vedlagt litt uttale frå statsforvaltar. Eg beklagar at de ikkje har fått den før, men trudde den var sendt til dykk og kommunen. Har motteke svaret ditt. Mitt inntrykk av ny praksis hjå statsforvaltar er at dersom ein skal ta i mot jordmassar frå fleire enn 4 stk, krev det ei behandling etter deponiregelverket. Dersom ein berre tek i mot jord frå få tilbydarar, med kjent opphav er det ikkje naudsynt.

I tilsvarande saker har det vorte stilt krav om at statens vegvesen må gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel. Det vil vera lurt om de kan få avklart dette sjølv om det no er ein godkjent landbruksavkjørsel der.

Me har framleis plan om synfaring, men ville avventa høyringsuttale frå statsforvaltar før denne vart gjennomført.

Med venleg helsing

Laila Bjørge

Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/957 35 405

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE